


FAKTA OM Lokalmat - bruk av Mattilsynet si skjematjeneste

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet



Skal du registrere, melde om endring eller søke om godkjenning av verksemda di har Mattilsynet eit elektronisk system for dette. Du startar ved å velje knappen «Skjema» på mattilsynet.no.

Har du eiga vasskjelde og bruker mindre enn 10 m³ pr. døgn kan du bruke eit forenkla skjema. Dette finn du ved å søke på "små vannforsyningssystem" på mattilsynet.no.

Dette arket må du lese i samanheng med dei andre faktaarka om lokalmat: oppstart av verksemd, krav i regelverket, registrering og godkjenning, prøvetaking, og evt. arka om drikkevatt frå eiga vasskjelde, kjøtt, mjølk, innlandsfisk og egg/honning.

På www.mattilsynet.no/ lokalmat finn du arka med aktive lenker til regelverk og annan informasjon.

Alle som har verksemd i matkjeda frå jord/fjord til bord skal vere i Mattilsynet sitt register. Du har sjølv ansvaret for å melde inn verksemda før du startar opp. Det er samarbeid med nokre eksterne register og alle som søker produksjonstilskot for dyr eller planteproduksjon, blir automatisk registrert.

Ein fordel for deg ved bruk av skjematjenesta, er at du kan sjå kva vi har registrert på di verksemd. Du kan og sjå kva saker du har sendt inn og kva status dette har hos oss.

Nokre hovudpunkt for skjematjenesta

- Du bruker «ID-porten» for å logge deg inn
- Du må velje at du skal rapportere for bedriftsorganisasjonsnummeret ditt. Dette er vanlegvis ikkje det same som føretaksorganisasjonsnummeret. (Les rettleiingsteksten inne i skjematjenesta.)

Val av skjema

Det kan vere vanskeleg å vite kva for skjema og kva val ein skal gjera ulike stader. Vi set difor opp nokre eksempel på riktige kombinasjonar. Du skal sende inn eitt skjema for kvar aktivitet:

- Viss du baker brød og sel dette frå eigen butikk skal du sende skjema "Ny næringsmiddelvirksomhet" to gonger. Eitt skjema for bakeriverksemda (Produksjon av baker og konditorvarer) og eitt skjema for butikkverksemda (Detaljomsetning og servering).
- Viss du fiskar og sel fisken vidare skal du sende inn skjemaet "Ny primærproduksjon og transport av fiskerivarer..." og "Ny næringsmiddelvirksomhet".

Etter at du har valt type aktivitet skal du velje produksjonsform. Det kan vere at du skal velje fleire produksjonsformer for same aktivitet.

Lokal og marginal omsetning

Skal du drive ei mindre verksemd med animalske varer og du vel å registrere verksemda i staden for å søkje godkjenning, skal du berre velje produksjonsforma som heiter lokal og marginal omsetning. For type produkt er det då eigne avkryssingsboksar.

Du gjer	Skjema	Type aktivitet	Produksjonsform
Produserer produkt av innlandsfisk	Ny næringsmiddelvirksomhet inkl. matkontaktmaterialer	Mottak, slaktning og produksjon av fiskerivarer og muslinger m.m.	Produksjon av fiskerivarer og muslinger m.m. - lokal og marginal omsetning (registreringspliktig) Foredling – fiskerivarer (godkjenningspliktig)
Produserer mjølkeprodukt	Ny næringsmiddelvirksomhet inkl. matkontaktmaterialer	Produksjon av meieriprodukter	Produksjon av melkeprodukt – lokal omsetning (registreringspliktig) eller Velg type produkt (godkjenningspliktig)
Produserer kjøttprodukt	Ny næringsmiddelvirksomhet inkl. matkontaktmaterialer	Produksjon av kjøtt og kjøttprodukter	Produksjon av kjøtt og kjøttprodukter – lokal og marginal omsetning (registreringspliktig) eller Velg type produksjon (godkjenningspliktig)
Bakar brød/flatbrød	Ny næringsmiddelvirksomhet inkl. matkontaktmaterialer	Produksjon av baker- og konditorvarer	Produksjon av ferske bakervarer / Produksjon av tørre bakervarer
Sel vilt, fersk fisk, honning, egg Serverer eller sel mat	Ny næringsmiddelvirksomhet inkl. matkontaktmaterialer	Detaljomsetning og servering av mat og drikke*	Omsetning av animalsk råvare direkte fra produsent (vilt, fisk, honning, egg) Servering/Utsalg og fleire. Du skal legge til alle aktuelle produksjonsformer
Serverer eller sel mat på bondens torg, marknader, festival, fruktbod langs veggen mv.	Ny næringsmiddelvirksomhet inkl. matkontaktmaterialer	Detaljomsetning og servering av mat og drikke**	Leilighetsvis/mobilt salg av næringsmidler Mobilt salg av fiskerivarer
Fiskar	Ny primærproduksjon og transport av fiskerivarer og muslinger m.m.	Fiske	Fiske
Sankar ville vekster, t.d. urter, sopp og bær	Kontakt ditt lokale mattilsyn for registrering	Sanking	
Har eiga vasskjelde og bruker over 10 m³/døgn	Registrere vannforsynings-system		
Har eiga vasskjelde og bruker under 10 m³/døgn	Registrere små vannforsynings-system		

* For aktiviteten "Detaljomsetning og servering av mat og drikke" skal du og velje «håndteringsform». Dette for å spesifisere kva for risikonivå du ligg på når det gjeld håndtering. Du treng berre gjere eitt val og du vel det som har høgast risiko. Alternativa er satt opp med høgst risiko først:

1. Tilberedning av ferdigvare fra lett bedervelig råvare
2. Videre bearbeiding av lett bedervelig halvfabrikata
3. Enkel behandling av lett bedervelig ferdigprodusert vare
4. Omsette ferdigpakket lett bedervelig vare
5. Omsette ikke lett bedervelig vare

**Som hovudregel skal du registrere ein aktivitet ein gong. Unntaket er for flyttbare utsal (Leilighetsvis/mobilt salg av næringsmidler og mobilt salg av fiskerivarer) som skal vere for seg sjølv direkte under aktiviteten "Detaljom setning og servering av mat og drikke".